



FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Christian Rekkedal
Telefon: 57643068
E-post: fmsfcre@fylkesmannen.no

Vår dato
20.04.2015
Dykkar dato
23.01.2015

Vår referanse
2015/360 - 523.3
Dykkar referanse

Landbruks- og matdepartementet
Postboks 8007 Dep
0030 OSLO
postmottak@lmd.dep.no

Høyringsfråsegn - NOU 2014:15 - Norsk pelsdyrhald

Vi viser NOU 2014:15 om Norsk pelsdyrhald – berekraftig utvikling eller styrt avvikling, og til høyringsbrev 23.01.2015.

Denne NOU-en gir ein grundig gjennomgang av norsk pelsdyrhald med både historia, dagens situasjon, utfordringane for næringa, og ein drøftar dei to alternativa som låg i mandatet. Eit fleirtal i utvalet går inn for ei berekraftig utvikling av næringa, men med nokre klare råd om forbetringar.

Vi sluttar oss til konklusjonen frå fleirtalet i utvalet og vil her gje ein kort omtale av situasjonen for næringa ut frå tilrådingane i NOU-en og eit berekraftsperspektiv.

For at ei næring skal vere berekraftig på sikt må dei etter vanleg definisjon både bidra positivt til lokalsamfunna, vere miljøforsvarleg og økonomisk lønsam.

Pelsdyrproduksjonen i lokalsamfunna

I Sogn og Fjordane er det kring 25 pelsdyrfarmer, seks av desse med mink eller både rev og mink. Som elles i landbruket har det skjedd ei strukturrasjonalisering med færre og større bruk. I gjennomsnitt har farmer med mink om lag 1200 tisper og farmer med rev om lag 170 tisper, og for begge er dette noko under landsgjennomsnittet. Halvparten av farmane ligg i Gloppen kommune, dei andre i kommunane Gulen, Lærdal, Luster, Førde, Jølster og Stryn. Dei ligg i område som treng arbeidsplassar, og der det ikkje alltid er like lett å finne alternativt sysselsetting. Dei fleste av desse farmane er knytte til gardsbruk og bidreg dermed til å styrke lønsemda på bruka. Det er også vårt generelle inntrykk at det er vanskeleg å finne alternative produksjonar på desse bruka som kan erstatte inntektene frå pelsdyrhaldet.

Slik sett oppfyller dette eit av dei punkta som utvalet peiker på som positivt ved næringa, nemleg at det er ei distriktsnæring, og ut frå nemnte definisjon bidreg desse til ei berekraftig utvikling i lokalsamfunna.

Dyrevelferd og miljø

Den største utfordringa er dyrevelferd og dermed også omdømet til næringa. Fleirtalet i utvalet peiker på ein del fornuftige punkt som kan betre på dette, jamfør kap 8.4:

- forsking for å betre burløysingane eller andre opphaldsrom for dyra, og andre tiltak som kan betre dyrevelferda
- styrke og systematisere avlsarbeidet for å få meir tillitsfulle dyr
- betre overvaking på farmane for både å dokumentere dyrevelferda og bidra til meir systematisk avlsarbeid
- betre tilsyn og reaksjonar mot useriøse aktørar

Hovudkontor
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 65 33 02
Org.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga
Fjellvegen 11, 6800 Førde
Postboks 14, 6801 Førde
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 82 17 77

E-post:
fmsfpost@fylkesmannen.no
Internett:
www.fylkesmannen.no/sfj

- tiltak for hindre røming av dyr ut i naturen

Det er vårt inntrykk at pelsdyrhaldarane jamt over er kunnskapsrike om produksjonen og satsar på kvalitetstiltak, for til sist er jo det også svært avgjerande for kva pris dei får for pelsen. På pelsauksjonane er det til dels svært stor variasjon på pris alt etter kvalitet, og vanstelte dyr har aldri ein skikkeleg fin pels.

Men her er likevel rom for kvalitetsauke. Det synest for oss som svært fornuftig å innføre elektronisk journal i avlsarbeidet for både å systematisere avlsarbeidet og dokumentere tilstanden på ein meir vitenskapleg måte. Dette er innført for andre husdyr for mange år sidan og har bidrege til både avlsmessig framgang og så god dokumentasjon at norske husdyr og avlsmetodikk er ettertrakta også i utlandet.

Vi sluttar oss også til forslaget om meir konsekvent og eventuelt opptrappande reaksjonar frå Mattilsynet ved brot på forskriftene for dyrevelferd. Mattilsynet har dei siste åra hatt tilsyn på alle pelsdyrfarmane. Av rapporten går det fram at dei fleste i stor grad oppfyller krava i regelverket, men enkelte produsentar dreg ned heilskapsinntrykket ved stadige og til dels alvorlege brot på regelverket. Dette har vore det Mattilsynet kallar «gjengangarar» og det er viktig for både dyrevelferd og tilliten til næringa at det vert reagert konsekvent mot slike alvorlege feil.

Av omsyn til miljø og naturmangfald er det også fornuftig å vurdere behovet for endå betre sikringar mot røming. No vil jo vidare avlsarbeid og dermed endå meir domestiserte og tamme dyr, truleg føre til at dei får tilsvarande mindre overlevingsevne i fri natur. Det er likevel eit faktum at minken kom til Noreg via pelsdyrfarmane, og at sokalla villmink til dels er ein alvorleg plage for naturlege dyre og fugleartar.

Pelsdyrnæringa bidreg også positivt til miljøet ved å bruke om lag 50 000 tonn slakteriavfall som fôr. Dette ville elles representere eit miljøproblem.

Etter vår vurdering kan ein altså gjennom dei tiltaka som er nemnde få ei forsvarleg berekraftig pelsdyrnæring også med tanke på dyrevelferd og miljø.

Økonomisk utvikling

Den største økonomiske utfordringa for næringa er at dei bokstaveleg tala er prisgitt svingingane på verdsmarknaden, på godt og vondt. No vart det for mange år sidan innført ei ordning med fondsavsetning slik at den enkelte farmar kan sette inn eller ta ut pengar av dette fondet og dermed jamne ut den årlege inntekta. Denne ordninga er eit godt tiltak for ein berekraftig økonomi. Staten støttar via jordbruksavtalen ei ordning med fraktutjamning på fôrkostnadane frå dei regionale fôrkjøkkene, for vår del ligg det nærmaste ved Trondheim. Dette er også ei viktig ordning, og bidreg til at pelsdyrnæringa også i framtida kan vere ei distriktsnæring.

Det vil hovudsakleg vere kunnskapen og dyktigheita til den enkelte farmar og prisutviklinga på verdsmarknaden som avgjer økonomien i framtida. Men for å bidra til ei berekraftig utvikling av pelsdyrnæringa, er det også viktig at dei to nemnde offentlege ordningane blir førte vidare.

Etikk ved pelsdyrproduksjon

Det vert hevda at pelsdyrproduksjonen er meir uetisk enn anna husdyrhald fordi produkta er luksusvarer som vi eigentleg ikkje treng. Frå andre vert det hevda at det viktigaste er at dyra har tilfredsstillande dyrevelferd, ikkje kva produkta skal brukast til.

Dette er eit verdispørsmål som reiser fleire dilemma. I ei verd der 20 prosent av folket lir av underernæring, kan også ein typisk vestleg meny basert på ein stor del animalske matprodukt reknast som luksus. Stadig meir av desse animalske matvarene blir jo produserte av korn og vekster som er fullverdig menneskemat.

Frå vår ståstad er det viktigast at vi syter for at alle husdyr, uansett dyreslag og produkt, har ei *forsvarleg dyrevelferd* som det står i dagens dyrevelferdslov, eller som det stod i den gamle dyrevernlova; «*det skal farast vel med dyr.. så det ikkje kjem i fare for å lida i utrengsmål*»

Dette synest vi er eit godt utgangspunkt for alt husdyrhald, både i fjøsane og i heimane, uavhengig av kva føremål og motiv vi har for å halde dyr i fangenskap.

Vidare oppfølging

Til slutt vil vi legge til at den framlagde rapporten gir eit godt fagleg grunnlag for vidare diskusjon og politisk handsaming. Viss Regjeringa og Stortinget konkluderer med at pelsdyrnæringa skal få halde fram basert på ei berekraftig utvikling, så håper vi at næringa får tillit og ro til å kunne satse langsiktig.

Viss ein kjem til at næringa skal avviklast, vil vi rå til at det skjer over ganske kort tid. Det vil vere svært uheldig om næringa, og kanskje i verste fall også dyra, skal seigpinast med ei lang overgangsperiode. Dette synspunktet har vi også fått frå næringa her i fylket.

Med helsing

Gunnar Hæreid
assisterande fylkesmann

Christian Rekkedal
landbruksdirektør

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.

Kopi til
Kopi med vedlegg:
Kopi utan vedlegg:
Kopi pr. e-post: